

Høringsuttale frå Lindås kommune – «Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov»

Viser til høringsbrev av 12.05.14

Innspel frå Lindås kommune:

- Ei endring av dagens tiltakssystem må sjåast på i ein heilskap, Lindås kommune rår Regjeringa til å vente med endringar i tiltakssystemet til den varsla Stortingsmeldinga er lagt fram i Stortinget. Det vil sikre ei heilskapleg drøfting av funksjonaliteten i det samla tiltaksapparatet. Sentrale aktørar som NHO og LO peikar også på ein heilskapleg debatt i saka først.
- Lindås kommune er skeptisk til om anbodssystem er eigna til denne typen tenester. Dette er tenester retta mot grupper med samansette behov, og det vil vere betydeleg vanskelegare å handtere enn anbod på standardiserte tenester. Vi meiner konkurranseutsetjing av desse tenestene er risikabelt, då tapande bedrifter kan forsvinna, noko som er særleg ulempe for distrikta og for dei arbeidstakarane det er vanskelegast å formidla. Vi fryktar at ei samanslåing av tiltak for ulike grupper vil føre til at tiltaksleverandørane prioriterer dei brukarane som er enklast og mest attraktiv å arbeide med.
- Ein suksessfaktor for å få fleire med nedsett arbeidsevne ut i jobb, er å ha eit system som blir følgt opp utan avbrot mellom ulike tiltak/attføringsprogram og tiltaksarrangørar. Dette er i dag løyst ved at tiltaksarrangørar med førehandsgodkjende avtalar, i dialog med NAV, har klart å utvikle saumlause overgangar mellom tiltaka. Vi meiner at forslaget gjer lite forutsigbarheit for leverandørane, og muligheit for ein saumlaus tilnærming vil bli vankelegare. Viss ikkje dette blir sett på i ein heilskap, kan det ramme sårbare grupper.
- Lindås kommune kan være samd i at dagens tiltaksstruktur kan vere komplisert og uoversiktlig, men ein ny og forenkla struktur må vere basert på ei grundig og heilskapleg utgreiing. Det er spesielt viktig å kartlegge kva konsekvensar endringane i høyringa vil ha for dagens aktørar, det gjeld både brukarar og attføringstilbydarar. I tillegg er det viktig å sjå det opp mot kommunane sitt tenestetilbod og kva økonomisk verknad det har for kommunane.
- Lindås kommune meiner ein også må vurdere NAV si rolle i formidlinga. Truleg har NAV best føresetnader overfor dei som er lettast å formidla, medan kommunane bør ha større medverknad i formidlingstenestene til dei som står lengst unna arbeidsmarknaden. Dette fordi tilbodet til desse brukarane krev stor grad av lokal kunnskap og lokale løysingar, då dei er tunge å jobbformidla. Dette understrekar spesielt sidan Norge er i ein situasjon med ca 3% arbeidsløyse, då er det ganske få som er raske/enkle å formidla tilbake til arbeidslivet. Me er særleg uroa for at anbodsutsetjing kan gje mindre valfridom, dårlegare tilbod og svekka

sjølvtilitt for dei svakaste, og såleis bli dyrare for samfunnet enn i dag, fordi deira arbeidsevne kan vera til hinder for kommersielle verksemdar.

- NAV-kontora sit med kunnskapen om brukarane og dei lokale tilhøva, og spelar derfor ei særskild viktig rolle for å få brukarar med ulike behov så raskt som mulig ut i aktivitet. Vi meiner derfor det vil vere viktig at NAV har eit handlingsrom til utvikle og tilpasse tiltak utan å legge desse ut på anbod.
- Lindås kommune meiner anbudsutsetjinga kan undergrava det arbeidet kommunane har tatt på seg med å byggja opp eit sterkt og godt nettverk med tiltaksapparat. Endringar må skje i nært samarbeid med kommunane, og det er naturleg at KS vert part i evt endringar.
- Lindås kommune er på generelt grunnlag kritiske til at Regjeringa sender ut høyringsbrev med kort høyringsperiode tett inntil ferietida.
- Lindås kommune viser elles til høyringsuttalane frå Oslo og Bergen, og støttar desse.

Lindås kommune

Kommunestyret etter fullmakt


Astrid Aarhus Byrknes

Ordfører